



Radøy kommune - teknisk drift
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 19/1157 - 19/10562

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@radoy.kommune.no

Dato:
27.06.2019

Delingssak Gbnr 74/21 Olsvoll - frådeling av næringstomt

Delegasjonssak nr.: 168/2019

Saksutgreiing:

Me viser til søknad motteke 16.05.2019.

Heimelshavar

Radøy kommune.

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom for næring, tomt 12 på Olsvollstranda.

Planstatus

Dei omsøkte tomtane ligg innanfor godkjent reguleringsplan for Olsvollstranda næringsområde, planid. 12602014000600. Arealføremål: næringsbebyggelse.

Nabovarsling

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo. Søknaden vart sendt inn før frist for nabomerknader var ute. Søknaden vert derfor sett som komplett motteken med dato 31.05.2019.

Andre styresmakter

Søknaden er i samsvar med gjeldande reguleringsplan og treng ikkje høyring i høve til regionale styresmakter.

Plassering



Vatn og avløp (VA)

Eigedomen skal knytast til offentlig vass- og avlaupsanlegg.

Tilkomst, avkjørsle og parkering

Eigedomane er sikra lovleg tilkomst til offentlig veg gjennom godkjent reguleringsplan.

VURDERING

Rådmannen vurderer at den omsøkte tomten kan delast i frå i samsvar med godkjent reguleringsplan. Eigedomen skal nyttast i høve til arealføremål i plan. I føresegnene til reguleringsplanen 2.3.1 står følgjande: «Det skal utarbeidast VA-rammeplan som skal godkjennast av Radøy kommune før det kan gjevast løyve til tiltak innanfor planområdet.» Va-rammeplan er utarbeidd. Planen er godkjent av Radøy kommune 05.02.2015.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen finn ikkje at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova §§ 8-12.

VEDTAK:

Det vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom, tomt nr.12 frå 74/21 slik det er beskrive i søknad motteken 16.05.2019.

Grunngjeving av vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan og bygningslova §§ 20-1 m) og 26-1 samt § 21-3, naturmangfaldslova § 8-12, samt matrikkellova § 33.

Vedtaket vert gjeve på følgjande vilkår:

1. Eigedomen skal koplast til offentleg vatn- og avlaupsanlegg. Om leidningar må førast over anna eigedom skal rett til å føre fram leidningsnett leggjast fram for tinglysing før eigedomen vert oppretta.
2. Tilkomst til veg som er ope for ålmenn ferdsla skal etablerast i samsvar med reguleringsplan.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage på vedtak

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, j.fr forvaltningslova § 27b.

Dersom det ikkje vert klaga på vedtaket vert saka sendt til oppmålingsavdelinga i kommunen som tek kontakt for oppmålingsforretning.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
11.1.1	Deling i samsvar med grenser fastsett i godkjent reguleringsplan	1	3300,-

	Totalt gebyr å betale	3300,-
--	-----------------------	--------

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt oppmålingsingeniør Kjartan Medaas.

Med helsing

Silje Haukedal
konst. leiar teknisk forvaltning

Kjartan Medaas
oppmålingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Oppmåling - Teknisk forvaltning
Radøy kommune

Mottakere:

Radøy kommune - teknisk drift

Radøyvegen 1690 5936

MANGER